

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/34

av 20. juli 2004

om fellesskapsreferanselaboratoria for zoonoseepidemiologi og salmonella og nasjonale referanselaboratorium for salmonella(*)*[meldt under nummeret K(2004) 2781]*

(2004/564/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2003/99/EF av 17. november 2003 om overvåking av zoonoser og visse zoonotiske smittestoffer, om endring av rådsvedtak 90/424/EØF og om oppheving av rådsdirektiv 92/117/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 10 nr. 1, 2 og 4,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2160/2003 av 17. november 2003 om bekjempelse av salmonella og andre spesifiserte zoonotiske smittestoffer som overføres gjennom næringsmidler⁽²⁾, særleg artikkel 11 nr. 1, 2 og 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ved rådsdirektiv 92/117/EØF vart det peikt ut eit fellesskapsreferanselaboratorium for zoonoseepidemiologi og eit fellesskapsreferanselaboratorium for salmonella⁽³⁾. Direktiv 92/117/EØF vart oppheva ved direktiv 2003/99/EF med verknad frå 12. juni 2004.
- 2) I medhald av direktiv 2003/99/EF skal Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik ta over ansvaret for oppgåver som svarar til dei som fellesskapsreferanselaboratoriet for zoonoseepidemiologi utførde. For å sikre ein smidig overgang til den nye ordninga bør det noverande fellesskapsreferanselaboratoriet for zoonoseepidemiologi framleis utføre desse oppgåvene i eit avgrensa tidsrom. Dette laboratoriet bør difor mellombels peikast ut på nytt som fellesskapsreferanselaboratorium for zoonoseepidemiologi.
- 3) I europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 882/2004 av 29. april 2004 om offentlig kontroll for å sikre at føvare- og næringsmiddelregelverket samt

bestemmelsene om dyrs helse og velferd overholdes⁽⁴⁾ vert det fellesskapsreferanselaboratoriet for salmonella som tidlegare var peikt ut i direktiv 92/117/EØF, peikt ut som fellesskapsreferanselaboratorium for analyse og prøving av zoonosar (salmonella) med verknad frå 1. januar 2006. For å unngå at Fellesskapet skal vere utan eit slikt laboratorium, bør dette laboratoriet mellombels peikast ut på nytt som fellesskapsreferanselaboratorium for salmonella.

- 4) Av omsyn til den finansielle forvaltinga bør det gjerast klart at utpeikinga på nytt av dei fellesskapsreferanselaboratoria som er nemnde ovanfor, bør gjelde frå den datoen då direktiv 92/117/EØF sluttar å gjelde.
- 5) Ansvarsområda og oppgåvene til fellesskapsreferanselaboratoriet for salmonella og dei tilsvarande nasjonale referanselaboratoria bør fastleggjast på nytt i detaljert form innanfor ramma av dei nye rammereglane som er fastsette ved direktiv 2003/99/EF og forordning (EF) nr. 2160/2003. Verksemda til fellesskapsreferanselaboratoriet for salmonella har særleg vore retta mot levande fjørfe, og det er ikkje føremålstenleg å endre arbeidsprogrammet til laboratoriet for 2004. Dei nye kompetanseområda til dette fellesskapsreferanselaboratoriet og til dei nasjonale referanselaboratoria for salmonella skal gjelde først frå 1. januar 2005.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Bundesinstitut für Risikobewertung i Berlin, Tyskland, er peikt ut som fellesskapsreferanselaboratorium for zoonoseepidemiologi fram til 31. desember 2004.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 251 av 27.7.2004, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 48/2005 av 29. april 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005, s. 11.

⁽¹⁾ TEU L 325 av 12.12.2003, s. 31.

⁽²⁾ TEU L 325 av 12.12.2003, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 62 av 15.3.1993, s. 38. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

⁽⁴⁾ TEU L 165 av 30.4.2004, s. 1.

Artikkel 2

1. Rijksinstituut voor Volksgezondheid en Milieu i Bilthoven, Nederland, er peikt ut som fellesskapsreferanselaboratorium for salmonella fram til 31. desember 2005.

2. Ansvarsområda og oppgåvene til det fellesskapsreferanselaboratoriet som er nemnt i nr. 1, er fastsette i vedlegg I. Dei skal gjelde på andre område enn for levande fjørfe med verknad frå 1. januar 2005.

Artikkel 3

Ansvarsområda og oppgåvene til fellesskapsreferanselaboratoriet for salmonella er fastsette i vedlegg II. Dei skal gjelde på andre område enn for levande fjørfe med verknad frå 1. januar 2005.

Artikkel 4

Dette vedtaket skal nyttast frå 12. juni 2004.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 20. juli 2004.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG I

Ansvarsområda og oppgåvene til fellesskapsreferanselaboratoriet for salmonella, i medhald av direktiv 2003/99/EF og forordning (EF) nr. 2160/2003

1. *Kompetanseområde*
 - a) Fastlegging og utvikling av bakteriologiske metodar for påvising, og der det er føremålstenleg, mengdefastsetjing av zoonotisk salmonella i levande dyr, i fôr og næringsmiddel og i prøver frå miljøet.
 - b) Fastsetjing av undertypar av zoonotisk salmonella, særleg av serotypar, og anna fastsetjing av undertypar, òg ved hjelp av fenotypiske og genetiske metodar.
 - c) Prøving av antimikrobiell følsemd på isolat av zoonotisk salmonella.
 - d) Fastlegging og utvikling av immunologiske metodar for zoonotisk salmonella.
 - e) Fastlegging og utvikling av prøvetakingsmetodar.
2. *Allmenne funksjonar og oppgåver*
 - a) Å gje nasjonale referanselaboratorium nærmare opplysningar om analysemetodar, medrekna referansemetodar.
 - b) Å samordne bruken til dei nasjonale referanselaboratoria av dei metodane som er nemnde i bokstav a), særleg ved å organisere samanliknande prøving og sikre høveleg oppfølging av slik samanliknande prøving i samsvar med internasjonalt godkjende protokollar der slike ligg føre.
 - c) Å samordne, innanfor kompetanseområdet sitt, dei praktiske ordningane som trengst for å nytte nye analysemetodar, og melde frå til dei nasjonale referanselaboratoria om dei framstega som vert gjorde på dette området.
 - d) Å halde grunnkurs og vidareopplæringskurs for personalet ved dei nasjonale referanselaboratoria og sakkunnige frå utviklingsland.
 - e) Å gje vitskapleg og teknisk hjelp til Kommisjonen, særleg i tilfelle der det er usemje mellom medlemsstatane når det gjeld analyseresultatane.
 - f) Å samarbeide med laboratorium som har det same kompetanseområdet i tredjestatar.
3. *Særlege funksjonar og oppgåver*
 - a) Å gje teknisk hjelp til Kommisjonen ved utarbeiding av overvåkingsordningar for salmonella og tilhøyrande antimikrobiell resistens, særleg i samsvar med artikkel 4, 5 og 7 i direktiv 2003/99/EF.
 - b) Å gje teknisk hjelp til Kommisjonen når det gjeld fastsetjinga av fellesskapsmål i medhald av artikkel 4 i forordning (EF) nr. 2160/2003.
 - c) Å gje Kommisjonen høvelege råd om ulike sider ved salmonellavaksinestammer og andre særskilde kontrollmetodar.
 - d) Å gje teknisk hjelp til Kommisjonen og eventuelt ta del i internasjonale forum som er knytte til dei kompetanseområda som er nemnde i nr. 1 ovanfor, særleg når det gjeld standardisering av analysemetodar og gjennomføringa av dei.
 - e) Å samle inn data og opplysningar om den verksemda som vert gjennomført og dei metodane som vert nytta ved nasjonale referanselaboratorium, og melde frå til Kommisjonen om dette.
 - f) Å følgje utviklinga innanfor salmonellaepidemiologi.
 - g) Å samarbeide i høveleg omfang med dei fellesskapsstrukturane som står for overvakinga av salmonella, særleg med nettet for epidemiologisk overvaking av og kontroll med smittsame sjukdommar i Fellesskapet, som vart skipa ved europaparlaments- og rådsvedtak nr. 2119/98/EF⁽¹⁾, og eventuelt med særskilte overvåkingsnett.
4. Fellesskapsreferanselaboratoriet skal nytte eit kvalitetssikringssystem, og skal seinast 12. desember 2005 vere akkreditert i samsvar med standarden EN ISO/IEC 17025.

⁽¹⁾ TEF L 268 av 3.10.1998, s. 1. Vedtaket sist endra ved forordning (EF) nr. 1992/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

*VEDLEGG II***Ansvarsområda og oppgåvene til dei nasjonale referanselaboratoria for salmonella, i medhald av direktiv 2003/99/EF og forordning (EF) nr. 2160/2003**1. *Allmenne oppgåver*

- a) Å samarbeide med fellesskapsreferanselaboratoriet innanfor kompetanseområdet deira.
- b) Å eventuelt samordne verksemda til dei laboratoria som er ansvarlege for å analysere prøvene, i samsvar med særleg artikkel 4, 5 og 7 i direktiv 2003/99/EF.
- c) Å eventuelt samordne verksemda til dei laboratoria som er ansvarlege for å analysere prøver, i samsvar med artikkel 12 nr. 1 i forordning (EF) nr. 2160/2003/EF.
- d) Å organisere høveleg samanliknande prøving ved dei laboratoria som er nemnde i bokstav b) og c), og sikre høveleg oppfølging av slik samanliknande prøving.
- e) Å sikre at opplysningane frå fellesskapsreferanselaboratoriet vert spreidde til den rette styresmakta og til dei laboratoria som er nemnde i bokstav b) og c).
- f) Å gje vitskapleg og teknisk hjelp til den nasjonale rette styresmakta innanfor kompetanseområdet deira.

2. *Særlege funksjonar og oppgåver*

- a) Å eventuelt ta del i overvakingsordningane for salmonella og tilhøyrande antimikrobiell resistens i samsvar med direktiv 2003/99/EF, og i analysen og prøvinga av salmonella i samsvar med forordning (EF) nr. 2160/2003.
 - b) Å halde høvelege opplæringskurs for personale frå relevante laboratorium.
 - c) Å eventuelt melde frå til Kommisjonen om ulike sider ved salmonellavaksinestammer og andre særskilde kontrollmetodar.
 - d) Å samle inn data og opplysningar om den verksemda som vert gjennomført og dei metodane som vert nytta ved dei aktuelle laboratoria, og melde frå til fellesskapsreferanselaboratoriet om dette.
 - e) Å følgje utviklinga innanfor salmonellaepidemiologi.
-